


GULEN KOMMUNE

Rådmannsavdelinga

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO



Sakshandsamar:	Direkte tlf.nr:	Arkiv	Saksnr	Løpenr	Dato:
HHÅ	57 78 20 01	230 L	07/01225	006684/07	28. 12. 2007

INNSPEL TIL UTGREIING OM BETALING FOR BRUK AV KYSTSONEAREAL

Viser til skriv datert 15.11.07 om nemnde sak. Grunna liten administrasjon og krevjande arbeid med budsjett og økonomiplan siste del av året har Gulen kommune blitt litt forseinka med innspel i saka. Vi håpar likevel at vårt innspel vi telje med i utgreiingsarbeidet.

Til spørsmål 7: Gulen kommune har ein arealdel av kommuneplanen som i stor grad avklarar bruk av kystzone og sjøareal. Planen skal reviderast i 2008.

Til spørsmål 8: Kommunen har god generell kompetanse innfor planarbeid. Ei utfordring når det gjeld planlegging i kystsonen er å finne fram til dei gode lokalitetane for ulike typar sjøretta næring. Når det gjeld t.d. oppdrettslokalitetar for laks, som Gulen kommune har mange av, har det vore ei utvikling mot samling av produksjonen i større einingar, som gjerne ligg meir utsett til for ver og vind enn tidlegare. Det er utfordrande å sikre eit planverk som er oppdatert med utviklingstrekk innfor næringa.

Til spørsmål 9: Gulen er i aukande grad ein reiselivs- og hyttekommune. Dette gjev også aukande interessekonflikter. Vi har t.d. konkrete saker der plassering av oppdrettsanlegg kjem i konflikt med fisketurisme, der fastbuande har protestert mot lokalitetar som kjem for nær buplassen og der dykketurisme kjem i konflikt med taretråling.

Til spørsmål 10: Tidlegare var bruk av areal i kystsona knytt til lokal næringsverksemd; lokale fiskarar, oppdrettarar osv. No er næringsverksemda i større grad automatisert og knytt til større næringsaktørar som sit langt frå produksjonsstaden. Dette gjer at inntektene frå næringsverksemda ikkje automatisk fører til lokal utvikling i same grad som før. Kommunane vert då gjerne mindre interesserte i å leggje til rette areal for oppdrett, til fordel for anna arealbruk. Dette kan vere ei lite ynskjeleg utvikling utifrå omsynet til at havbruksnæringane i framtida skal vere ei viktig næring for Noreg.


Til spørsmål 11: Utifrå omsynet til å utforme eit enklast mogleg system for vederlag for arealbruk i kystsona bør eigedomskatteområdet utvidast i staden for å opprette ein ny avgiftstype. Gulen-dommen i Høgsterett, som omhandla grensene for kva anlegg i sjø

som kan omfattast av eigedomskatt, viser at kommunane kan spare administrasjonskostnader om også kystsona vert omfatta av eigedomsskatt, i høve til om det vert oppretta ein eigen avgiftstype for bruk av areal i kystsona. Frå ein kommunal ståstad høyrest det også rimeleg ut at det skal vere likebehandling mellom landareal og sjøareal når det gjeld avgifter for arealbruk innafor kommunegrensene.

Gulen kommune har vore heldig å til no ha eit sterkt og lokalt engasjert oppdrettsmiljø som gjev positive ringverknader i kommunen, og to slakteri som gjev arbeidsplassar utover det dei einskilde anlegga bidreg med. Med aukande vekt på stordrift i næringa, aukande reiselivsaktivitet i kommunen, og fastbuande som i aukande grad stiller krav om at mest mogleg areal skal vere tilgjengeleg for alle (dette er ein viktig bukvalitet i ein distriktskommune) kan konfliktnivået når det gjeld bruk av kystsona auke framover, slik vi har sett teikn på dei siste åra. Utreiinga som no er starta opp er difor viktig i høve til å leggje grunnlaget for ei best mogleg utnytting av kystsona i framtida.

Dette innspelet er gitt utifrå administrasjonen sin synsvinkel. Det politiske i saka, t.d. om det er rett å leggje meir utgifter på næringsaktivitet, er ikkje teke opp her.

Med helsing


Harald Haugejorden
Rådmann

Kopi til:

- Formannskapet, her